



KYSTVERKET

CONSILIUM AS
Eindrides veg 34
7227 GIMSE

Vår ref
2021/9843-6

Arkiv nr

Sakshandsamar
Børre Tennfjord

Dato
25.04.2022

Uttale til melding om igongsett reguleringsarbeid og høyring av planprogram for Detaljregulering Furnes masseuttak - Vestnes kommune - Møre og Romsdal fylke

Syner til brev av 16.03.2022 vedkomande varsel om oppstart av arbeid med Detaljregulering for Furnes Masseuttak i Vestnes kommune.

Formålet med planen er å legge til rette for ein vidareføring av verksemd og drift av eksisterande masseuttak. I følgje kommuneplanen sin arealdel er området allereie klarert for råstoffutvinning.

1. Grunnlag for Kystverket sitt engasjement i planarbeid

Kystverket er ein nasjonal etat for kystforvaltning, sjøikkerheit og beredskap mot akutt forureining. Kystverket tek ansvar for sjøvegen og produserar viktige fellesgoder for samfunnet. Det overordna målet for den nasjonale transportpolitikken er eit transportsystem som er sikkert, fremjer verdiskaping og medverkar til omstilling til lavutslippsamfunnet. Vidare er det eit nasjonalt mål å flytte godstransport frå veg til sjø. Kystverket har fått i oppgåve å bidra til å utvikle eit heilskapleg transportsystem.

Eit velfungerande sjøtransportssystem samansett av farleier, hamner og hamneterminalar er svært viktig for næringsutvikling og busetnad langs kysten, for at norske bedrifter kan inngå i komplekse og globale handels- og produksjonssystem, i tillegg til at personar skal kome seg mellom heimstad og arbeidsplass.


Kystverket har rettleiing og informasjon om vår rolle i arealplanlegginga på nettsidene våre. Her finn ein også styrande dokument som ligg til grunn for vår medverknad i planlegging etter plan- og bygningsloven.

Det varsla planarbeidet i Vestnes kommune røyver uvesentleg ved Kystverket sitt saksfelt og sjølv om vi då har rett og plikt til å delta i planlegginga, jf. plan- og bygningsloven sin § 3-2 tredje ledd, kan vi avslå medverknadsinvitasjonen.

Sentral postadresse: Kystverket, postboks 1502,
6025 ÅLESUND

Telefon: 07847
E-post: post@kystverket.no
Internett: <https://kystverket.no>

Org.Nr.: 874783242
Bankgiro: 7694 05 06766



2. Om planen

Planområdet ligg vest for Furnes Fergekai, kor det i dag allereie er eit masseuttak og lokalisert til gnr.51, bnr.1 i Vestnes kommune. Planområdet omfattar om lag 500 daa, medan sjølve masseuttaket omfattar vel 200 daa og eit uttak på over 2 mill. m³. Omfanget utløyser automatisk krav om konsekvensutgreiing.

Forslag til planprogram for nemnde plan er sendt på høyring og vert lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova sin § 12-9.

2.1 Konsekvensutgreiing

Plan- og bygningsloven sin § 4-1 første ledd, set rammer for kva planar som skal ha planprogram og § 4-2 andre ledd, set rammene for kva planar som skal ha konsekvensutgreiing. Etablering av tiltak i eller nær sjø kan få verknad for trygginga av og framkome i farvatnet og skal difor vere del av utgreiingsarbeidet. Gjennom planmedverknaden vil vurderinga om planforslaget medfører vesentlege konsekvensar eller verknader i farvatnet, strandsona eller hamnene, vere sentralt for Kystverket. Vi ønskjer difor å minne om at det for område i sjø vil vere bestemte krav om konsekvensutgreiing knytt til nye arealformål heimla i pbl. § 11-7 nr. 2 og 6.

Kystverket registrerar planstyresmakta si avgjersle om at planen er omfatta av krav til konsekvensutgreiing, men har ikkje kommentarar til dette, då dei ikkje verkar på, eller fører til nokon direkte verknadar i sjø- og/eller nære strandsona.

Kystverket har ikkje kommentarar knytt til varselet om oppstart eller til framlagd planprogram.

Med helsing

Jan Morten Hansen
avdelingsleder

Børre Tennfjord
sjefingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Eksterne kopimottakere:

Vestnes kommune
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
Møre og Romsdal fylkeskommune
Fiskeridirektoratet Region Midt
Statens Vegvesen Transport Midt
Norges vassdrags- og energidirektorat Region Vest

Brugata 10	6390	VESTNES
Postboks 2520	6404	MOLDE
Postboks 2500	6404	MOLDE
Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Postboks 8142 Dep.	0033	OSLO
Postboks 5091, Majorstuen	0301	OSLO